

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Haugesund sjukehus
MØTETIDSPUNKT: 19.12.17 kl. 09.00 – 13.20

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

Leiar av brukarutvalet i Helse Fonna
Laila Stensletten

Forfall frå styremøtet

Brian Bjordal

Nestleiar

SAKLISTE**UNDERLAG**

Sak 86/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 87/17	Godkjenning av protokoll 24.11.17	Vedlagt
Sak 88/17	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 89/17	Rapport frå verksemda	Vedlagt

Saker til orientering

Sak 91/17	Leiinga sin gjennomgang av internkontroll	Vedlagt
Sak 92/17	Leiinga sin gjennomgang av informasjonstryggleik	Vedlagt

Sak 93/17	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt
-----------	---------------------------------	---------

Lukka møte jf. Helseføretakslova §26 a, 2.ledd nr. 4.

Sak 90/17	Evaluering av administrerende direktør og regulering av lønn	Vedlagt
-----------	--	---------

Styret sitt kvarter
Styret sin eigenevaluering 2017

Sak 86/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Administrerende direktør meldte to punkt til sak 88/17 Administrerende direktør si orientering.
Punkt 8. Fullmaktsregime
Punkt 9. Pasientreiser

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 87/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 24.11.17**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 24.11.17

Sak 88/17 Administrerende direktør si orientering

OPE DEL

1. Rapportering tilsynssaker

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

4. Bygg Haugesund2020

Administrerende direktør orienterte om markering av «Første spadestikkk Bygg Haugesund 2020»

Markering på Haugesund sjukehus 12.01.18 kl. 12.30. Styret blei invitert.

Prosjektleder Laila Nemeth orienterte om Bygg Haugesund 2020, om kva som skjer fram mot byggstart, inventar og utforming, om informasjon, kommunikasjon og om framdriftsplan.

5. Utviklingsplan

Prosjektleder Reidun Rasmussen Mjør orienterte om status for arbeidet så langt. Det ble informert om prosjektgruppa arbeid og om kommunikasjonsplanen for prosjektet.

6. Forbetringsundersøkinga 2018

Astrid Grimstvedt, seksjonsleder HMS bedriftshelsetjenesten Helse Fonna, orienterte om «ForBedring» medarbeidarundersøking om arbeidsmiljø, pasienttryggleikskultur og HMS.

Undersøkinga er ny og vil vere tilgjengeleg i seks veker f.o.m. 1.februar 2018.

7. Kontinuerleg evaluering og forbetring i psykisk helsevern

Klinikkleder Kenneth Eikeset orienterte om vurderingsgruppa i klinikk for psykisk helsevern. Den blei etablert i 2016 og er samansett av kvalitetsrådgjevar, klinikkens representant i Kvalitetsutvalet og seksjonsoverlege/psykologspesialist. Gruppa gjennomgår hendingar når det ikkje går som planlagt, og utarbeider rapport. Arbeidet bidrar konkret til kvalitetsforbetring og læring på tvers gjennom anbefalingar i slutt-rapport.

8. Fullmaktsregime

Administrerande direktør orienterte om fullmaktsregime for gjennomføringsfasen for utbyggingsprosjektet. Styret ble invitert til å gi innspel. Det blei orientert om at det i januarmøte 2018 vil bli lagt fram sak om fullmaktsregime for byggeprosjekt for styret, og at styret i Helse Vest tar sikte på å behandle ei sak om fullmaktar i byggeprosjekt i februar 2018.

9. Pasientreiser

Administrerande direktør orienterte om «Nasjonal brukerundersøkelse 2017» Reiser med rekvisisjon Helse Vest. Helse Fonna kom positivt ut i undersøkinga.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 89/17 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Resultatet for perioden syner eit overskot på 16,5 millionar kroner mot eit budsjettert overskot på 3,3 millionar kroner Dette gir eit positivt budsjettavvik på 13,1 millionar kroner. Akkumulert er underskotet på 8,9 millionar kroner som er 27,7 millionar kroner lågare enn budsjettert. Årsprognosen for 2017 er på bakgrunn av resultatet hittil i år, satt til 20 millionar kroner.

Dei aktivitetsbaserte inntektene syner for perioden eit samla positivt avvik på 8,7 millionar kroner.

Varekostnadene knytt til eigen aktivitet viser totalt eit negativt avvik på 5,1millionar kroner , og er knytt opp mot eit avvik på H resept legemidlar, onkologiske legemiddel og behandlingshjelpemiddel.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 4,6 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit positivt avvik på 8,3 millionar kroner.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 546,9 millionar kroner, noko som er ein auke på 15,3 millionar kroner i forhold til førre månad.

Administrerande direktør informerte om at føretaket må ta ei nedskrivning på om lag 16 MNOK i 2017 for bygningar som skal fråflyttast og seinare rivast i samband med nybygg i Haugesund.

Aktivitet og kvalitet

I månaden har det vore høgare aktivitet både på poliklinikkar og sengepostar innan psykisk helsevern og somatikk.

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 58 dagar, målkravet er under 60 dagar. Ventetida var 60 dagar innan somatikken (eigarkrav under 60 dagar), 34 dagar innan psykisk helsevern for vaksne (eigarkrav under 40 dagar), 36 dagar innan psykisk helsevern for barn og unge (eigarkrav under 35 dagar) og 23 dagar innan rusfeltet (eigarkrav under 35 dagar).

68 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i månaden. 22 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett.

17 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

Utskrivingsklare pasientar

61 pasientar låg 141 døgn på sjukehusa i føretaket etter at dei var ferdig behandla.

Korridorpasientar

2,7 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Medarbeidar

Sjukefråveret var 6,8 prosent i månaden

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Saker til orientering

Sak 91/17 Leiinga sin gjennomgang av internkontroll

Oppsummering

Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta tok til å gjelde frå 1. januar 2017. Forskrifta erstattar tidlegare forskrift om internkontroll i helse- og

omsorgstenesta, men vidarefører dei fleste krava i den tidlegare forskrifta. Forskrifta er tydeleg på kva plikta til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere omfattar.

Forskrifta utdjupar kravet om systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik, og tydeleggjer øvste leiar sitt ansvar for at alle aktiviteter styres i tråd med den nye forskrifta.

Administrerande direktør orienterte om leiingas gjennomgang av internkontroll som ble gjennomført med ein dags samling 28.11.17.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar leiinga sin gjennomgang av internkontroll til orientering.

Sak 92/17 leiinga sin gjennomgang av informasjonstryggleik

Oppsummering

Gjennomgangen av informasjonstryggleik er ein kontroll av status på tryggleiksnivået innan IKT i Helse Fonna HF, og om dette er i samsvar med føretakets behov og lovpålagte krav. IKT- sikkerhetsleiar i føretaket utarbeider ein rapport årleg som går gjennom viktige avvik.

Administrerande direktør orienterte om at det er første gang denne type rapport er lagt fram for styret. Styret blei invitert til å gi innspel til metode og omfang.

Vedtak [samrøystes]

Styret tar leiinga sin gjennomgang av informasjonstryggleik til orientering

Sak 93/17 Eventuelt Skriv og meldingar

Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Sak 90/17 Evaluering av administrerande direktør og regulering av lønn.

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, 2. ledd, nr. 4

Oppsummering

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Del av oppgåva er å evaluere administrerende direktør sitt arbeid og utøvinga av rolla som dagleg leiar av føretaket.

I paragraf 5.2 i styreinstruksen står det: *Styret tilset administrerende direktør og fastset løna hans.*

Vedtak [samrøystes]

Løna til administrerende direktør blir regulert opp med 2,4 prosent frå 01.01.17.

Styret sitt kvarter

Styret sin eigenevaluering 2017

Ref. Ingebjørg Kismul
19.12.17

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

Sett: Brian Bjordal	Nestleiar
---------------------	-----------

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------